

Aasmund Olavsson Vinje - Jubileumskonsert

I år er det 200 år sia Aasmund Olavsson Vinje blei fødd. Mange kjenner han som «far» til «Blåmann, Blåmann, bukken min,» og som forfatternen av dikt, som: "Den dag kjem aldri" og «Ved Rondane»

Vinje er blitt kalla den moderne journalisten, den romantiske poeten, den skarpe observatøren og den tvisynte essayisten. Han gjorde ein betydeleg innsats for det nynorske skriftspråket og tok aktivt i bruk det nye landsmålet, blant anna i bladet Dølen, der han var redaktør.

Ferdaminne er Vinjes «Reisebrev» frå den store reisa han gjorde til fots i 1860. Med kritisk sans, livsnær realisme, humor og tvisyn skildrar han her bygdeliv og natur, blant anna i Sollia og Atndalen på den tida.

På denne konserten vil de få høyre nokon av dei vakraste dikta til Aasmund Olavsson Vinje, framført av Mari Stenseth Dølven, opplesing, Tone Haugen Romtveit, komposisjon, kveding, song, og Vibeke Sjøe Horsberg, violin, bratsj.

Melodiane til dikta, er gamle stevtoner, tradisjonelle visetoner, melodier av Edvard Grieg og nykomponerte toner av Tone H. Romtveit.

Vi vil med denne konserten heidre husmannsguten frå Vinje i all si breidde;

**"Folk maa eingong um Aaret vera galne og slaa seg lause
og snu up ned paa alle Ting. Dette Aalvor og denne
Klokskap er ikkje til at halda ut heile Aaret i ikring"**

A.O. Vinje, 1867

